SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	Knut Vidar Svanheld	Arkiv: MTR 155/101
Arkivsaksnr.:	21/1542-11	

Oppheving av reguleringsplan for Flatane - planid 2011007

Rådmannen si tilråding:

1: Plan- og forvaltningsstyret sluttar seg til rådmannen sine tilrådingar knytte til innkomne merknader.

2: Plan- og forvaltningsstyret rår til at kommunestyret gjer slikt vedtak: «I medhald av § 12-14 i plan- og bygningslova, vedtek Luster kommunestyre å oppheve reguleringsplan for Flatane planid 2011007.»

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg:

1. Plankart Flatane planid 2011007
2. Sak PFU-51/21
3. Nytt vedlegg: Notat til pfu si handsaming 7.10.21.

Uprenta vedlegg:

Samandrag:

Grunneigarane av reguleringsplan for Flatane planid 2011007 ønskjer planen oppheva. Det har ikkje kome avgjerande merknader til dette gjennom høyringsrunda, og rådmannen rår til at planen vert oppheva.

Utval som har vedtaksmynde:
Mynde til utvalet er gjeve i fylgjande lov, forskrift eller delegeringsmynde:
Plan- og forvaltningsutvalet for merknadar og prosess
Kommunestyret for endeleg vedtak

Fakta:
Luster kommune har motteke ein søknad frå aktørane innanfor reguleringsplan Flatane om at dei ønskjer planen oppheva, då dei ikkje ser den som realistisk å gjennomføre. Plassering av planområdet er vist på kart under der det står Lakken.



Rådmannen ser at det som unødvendig å ha godkjende planar som dei med rett til gjennomføring ikkje ser seg tent med. Rådmannen ser heller ikkje at dette er ein plan kommunen kjem til å gå inn og sørge for gjennomføring av. Følgjeleg meiner rådmannen at planen godt kan opphevast. Plan- og forvaltningsutvalet hadde saka oppe til handsaming 23.06.21 (sak PFU-51/21), der dei gjorde vedtak om å sende saka ut til høyring og offentleg ettersyn. Rådmannen vil minne om at det er same prosess for oppheving av planar, som det er for godkjenning. Saka låg ute til offentleg ettersyn frå 15.07.21 til 28.08.21.

Når høyringsfristen var ute, så hadde det kome merknad frå NVE, Statsforvaltaren og Statens Vegvesen. Alle tre partane viser til at dei ikkje har avgjerande merknadar til at planen vert oppheva.

Vurdering:
Rådmannen viser til saksutgreiinga og rår til at reguleringsplan for Flatane vert oppheva. Det vert vist til vedlegg og sak PFU 51/21 for ytterlegare informasjon.

Dato: 02.09.21

Jarle Skartun	Knut Vidar Svanheld
rådmann	Plansjef

Særutskrift skal sendast:
m/kopi til: